

Landbruks- og matdepartementet

Vår ref.
17/1088-4

Dykkar ref.

Arkiv
K2 - V00, K3 - &13

Dato:
06.10.2017

Svar på Høyring - Endring i reglane om nydyrking av myr, Askvoll kommune

Viser til

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Askvoll kommune syner til forslaget frå Landbruks- og matdepartementet om endring av reglane for nydyrking, forbod mot nydyrking av myr. Eit totalforbod mot dyrking, vil verke negativt for mange landbruksføretak i kommunen. Myrareal eigna for dyrking er ein viktig arealressurs på fleire føretak, og viktig beredskapsmessig for kommunen, og med omsyn til å sikre nasjonale mål om matsikkerheit.

Askvoll oppmodar difor om at ein vel å tillate nydyrking av grunn myr. Dersom ein vel å innføre totalforbod mot dyrking av myr rår ein til at ein opnar for dispensasjonar ved bruk av bestemte nydyrkingsmetodar, og etter ei heilheitsvurdering av myrarealet sin lagelegheit som dyrkingsjord.

Med helsing

Johannes Andre Folkestad
Rådgjevar landbruk

Direkte tf.:57 73 07 37



Arkiv: K2 - V00, K3 -
&13
JournalpostID: 17/8421
Sakshandsamar: Folkestad,
Johannes
Andre
Dato: 26.09.2017

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
035/17	Komit� plan, n�ring, milj� og teknikk	04.10.2017
067/17	Kommunestyret	04.10.2017

H ring - Endring i reglane om nydyrking - Forbod mot nydyrking av myr

R dmannen sitt framlegg til vedtak:

R dmannen sitt framlegg:

Askvoll kommune syner til forslaget fr  Landbruks- og matdepartementet om endring av reglane for nydyrking, forbod mot nydyrking av myr. Eit totalforbod mot dyrking, vil verke negativt for mange landbruksf retak i kommunen. Myrareal eigna for dyrking er ein viktig arealressurs p  fleire f retak, og viktig beredskapsmessig for kommunen, og med omsyn til   sikre nasjonale m l om matsikkerheit.

Askvoll oppmodar difor om at ein vel   tillate nydyrking av grunn myr. Dersom ein vel   innf re totalforbod mot dyrking av myr r r ein til at ein opnar for dispensasjonar ved bruk av bestemte nydyrkingsmetodar, og etter ei heilheitsvurdering av myrareala sin lagelegheit som dyrkingsjord.

04.10.2017 Kommunestyret

Handsaming:

R ysting - samr ystes:

R dmannen sitt framlegg vart vedteke.

KOM-067/17 Vedtak:

Askvoll kommune syner til forslaget fr  Landbruks- og matdepartementet om endring av reglane for nydyrking, forbod mot nydyrking av myr. Eit totalforbod mot dyrking, vil verke negativt for mange landbruksf retak i kommunen. Myrareal eigna for dyrking er ein viktig arealressurs p  fleire f retak, og viktig beredskapsmessig for kommunen, og med omsyn til   sikre nasjonale m l om matsikkerheit.

Askvoll oppmodar difor om at ein vel   tillate nydyrking av grunn myr. Dersom ein vel   innf re totalforbod mot dyrking av myr r r ein til at ein opnar for dispensasjonar ved bruk av bestemte nydyrkingsmetodar, og etter ei heilheitsvurdering av myrareala sin lagelegheit som dyrkingsjord.

Kva saka gjeld:

Saksutgreiing:

Bakgrunn for saka:

Landbruks- og matdepartementet foreslår endringar i lov om jord (jordlova) og forskrift om nydyrking. Endringane er grunna i klimaforliket i Stortinget, og inneber at ein vil innføre forbod mot nydyrking av myr, men med opning for å kunne gi dispensasjon ved særskilte høve.

11. juli i år sende Landbruks- og matdepartementet ut forslag til endring av lov om jord (jordlova) §13 og endringar i forskrift om nydyrking. Kommunane er mellom høyringsinstansane. Fristen for å kome med fråsegn er sett til 11. oktober. Høyringsnotat med tilhøyrande rapportar finn ein på fylgjande nettlénke:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---endring-i-reglene-om-nydyrking/id2563413/>

Endringane som er gjort framlegg om, er ei oppfølging av klimaforliket i Stortinget frå 2012. Stortinget har oppmoda regjeringa om å kome med forslag til forbod mot nydyrking av myr i løpet av 2017. Det er ønskje om å utvide heimelen i lovverket frå at ein ved nydyrking skal unngå skade på natur- og kulturlandskap til og å gjelde omsyn til klima.

I høyringsnotatet står det at all nydyrking frigjer klimagassar som følgje av at djupareliggjande massar vert eksponert for luft. Omfanget av klimagassar avheng av kva slag areal som vert nydyrka og av dyrkingsmetode. Når grunnvatnet ved drenering vert senka aukar tilgangen på oksygen og torva vert raskare broten ned og CO2 vert frigjort.

Tilgangen på areal for nydyrking er sterkt avgrensa. Berre 3,7 % av landarealet i Noreg er dyrkbart. Det tek lang tid å omdanne dyrkbar jord til produktiv jordbruksjord, og store delar av den dyrkbare jorda har låg produksjonsevne. Av notatet går det fram at om lag 1/3 av dei dyrkbare areala i Noreg er myr. Med myr meiner ein areal med myrvegetasjon og minst 30 cm tjukt torvlag, som inneheld minst 40 % organisk materiale.

Departementet har gitt NIBIO oppdrag med å utarbeide rapport om nydyrking av myr, for å få utreda problemstillinga. I rapporten Kunnskapsgrunnlag om nydyrking av myr er det sett på tre moglege reguleringsalternativ:

- konsekvensar ved å innføre eit generelt forbod mot nydyrking av myr.
 - konsekvensar ved å innføre forbod mot nydyrking av myr dersom myra/myrområdet har ein gjennomsnittsdjupne på meir enn 1 meter (djup myr).
 - konsekvensar ved å kun tillate nydyrking av myr ved bruk av bestemte nydyrkingsmetodar som bidreg til reduserte klimagassutslepp samanlikna med tradisjonelle nydyrkingsmetodar.

Rapporten tek opp:

- Definisjon av myr
- Metodar for dyrking av myr
- Kva betydning nydyrking av myr har for auka norsk matproduksjon
- Areal med dyrkbar jord i Noreg
- Kva område som kan verte råka av restriksjonar
- Kva effekt nydyrking av myr har for klimagassutslepp
- Økonomiske aspekt ved eit forbod
- Klimagassrekneskap til Noreg
- Konklusjon

Tilleggsutredninga frå NIBIO tek opp:

- Nydyrking – tal for Noreg

- Trendar innan nydyrking
- Utsleppsreduksjonar ut frå ulike utfall av endringa
- Administrative kostnader knytt til handheving og kartlegging
- Bedriftsøkonomiske konsekvensar knytt til transport og investeringar
- Samfunnsøkonomiske konsekvensar

For Sogn og Fjordane vil eit totalforbod mot nydyrking av myr, omfatte eit areal på om lag 50.000 daa. Tek ein ut Djup myr, > 1m, etter AR5 klassifisering, er arealet redusert til om lag det halve. I fylket vårt har det dei siste 5 åra, vore nydyrka omlag 500 daa. Av dette er om lag 200 daa myr. Nydyrking bidreg til å halde oppe produksjonsgrunnlaget. Kvart år skjer omdisponering av dyrka og dyrkbar jord til andre føremål enn landbruk. Nydyrkinga bidreg til å kompensere for omdisponeringa, og til ei styrking av den grovfôrbaserte næringa i våre områder.

Når det gjeld dyrking av myr, og effekten av dyrkinga, så er det generelt eit noko mangelfullt kunnskapsgrunnlag, om korleis ulike kombinasjonar av dyrkingsteknikk og myrtype vil påverke det samla klimagassutsleppet. Det er vidare grunn til å stille spørsmålsteikn ved arealgrunnlaget som er lagt til grunn ved berekning av estimert reduksjon i CO₂-utslepp. I rapport frå NIBIO (Rapport 43, 2016) er det nytta Kostra-tal, for godkjenning av søknader om nydyrking av myr, som grunnlag for estimering av potensiale for redusert CO₂-utslepp. Tala gjev oversyn over gjevne løyve til dyrkingstiltak, og ikkje ei oversikt over tiltak som er gjennomført. Samstundes har ein i mange kommunar ein situasjon der tidlegare dyrka myrareal, lokalisert i marginale område, er på veg tilbake til naturtilstand, som ein fylgje av ei sterk driftsrasjonalisering. Det er slik rimeleg å anta at utslepps-estimatet er tufta på eit for høgt arealgrunnlag. Dette er også påpeika av forskarar ved NIBIO, avd. Fureneset, i artikkel i Nationen 10. mars 2017 og Bondebladet des 16.3.2017.

Det er vidare eit noko mangelfullt kunnskapsgrunnlag knytt til utslepp av klimagassar (CO₂, N₂O, CH₄), frå ulike typar myrjord i våre område, og særskilt når ein tek inn effekten av ulike dyrkingsteknikkar på ulike typar areal. Effekten av Metan som er ein svært potent klimagass, vert vidare ofte ikkje tatt inn i reknestykke, då utsleppet ikkje vert negativt påverka av dyrking. Utsleppet av metan er høgast av myrer i naturleg tilstand og vert redusert ved drenering av myrjorda. I nye feltresultat, ser det vidare ut som omgravingsteknikk, der ein legg mineraljord over den organiske jorda, kan ha ein positiv effekt ved å fange opp metangass frigjort frå den underliggende organiske jorda.

Det er vidare i gang fleire forsøk, i regi av NIBIO m.fl., der ein har fokus på å undersøke korleis ulike drenerings-/ dyrkingsteknikkar på ulike myrtypar med ulike undergrunnsmassar, kan avgrense negative miljøeffektar. Dette er slik landbruksforvaltninga vurderar det vesentleg kunnskap med omsyn til å gjere gode totalvurderingar, sett i høve til nasjonale mål om å oppretthalde ein god mattryggleik og matsikkerheit, på ein berekraftig måte. Resultat i frå feltforsøk, indikerar vidare at omgraving, reduserar utsleppet av klimagassar (metan, lystgass), samanlikna med tradisjonelle metodar (Hansen et al. Grassland Science in Europe, VOL 21). Dette samsvarar med erfaringsgrunnlag, der myrareal med eigna undergrunnsmassar, kan gje køyresterke areal, med god plantevekst og god utnytting av tilførte næringsstoff.

Utifrå eksisterande kunnskap, har det vidare vore vurdert som sannsynleg, at omgraving, eksempelvis med skråstilte lag, med 50-70cm overdekking av mineraljord, vil kunne være gunstig både med omsyn til å få varige gode jordbruksareal, samt med omsyn til tap av næringsstoff og utslepp av klimagassar. Skråstilte lag eller omgravingsteknikk, der ein i større eller mindre grad får låg lufttilgang og lågare temperatur (nærast hermetiserer den organiske jorda) i eit lag med mindre jordliv, vil gje redusert omsetting av organisk materiale. Tiltaket vil samstundes gje betre føresetnadar for rotutvikling og plantevekst, betre gjødselutnytting, og redusere faren for tap av nitrogen/lystgass. Ved drenering vil ein særskilt få redusert metanutsleppet, som er høgt i organisk jord som er vassmetta. Ein reduksjon vil kunne ha effekt då metan er svært potent klimagass.

Ein har i Sogn og Fjordane vidare vore gjennom ei sterk driftsrasjonalisering, der resultatet har vorte store einingar med høg produksjon, og fylgjeleg med sterkt auka fôrbehov, og auke i trong for bruk av innsatsfaktorar og nærliggande spreieareal og auka gjødsellager. Mykje av fôret og innsatsfaktorane vert transportert over lange distansar, med tilsvarende trong for uttransport av husdyrgjødsel. Med den politisk drivne rasjonaliseringa ein har fått i landbruket, er det slik viktigare enn nokon gong, og gjere ei god totalvurdering i samband med godkjenning av planer for nydyrking. Mange av bruka som i dag har satsa etter politiske insentiv, har eit stort behov for å styrkje beite- og grøvfôrgrunnlaget i rimleg nærleik til driftssenteret. Styrkja driftsgrunnlag i form av styrkja grøvfôrgrunnlag, vil slik også kunne redusere trongen for lang ut- og inntransport av fôr og gjødsel, som begge vil gje ei redusert miljøbelastning og vesentleg reduksjon av kostnader knytt til transport.

Levedyktige einingar, er vidare viktig for å få til ei god drift og skjøtsel av kulturskogen. I Norge har ein i motsetning til mange andre land, mykje uutnytta skogareal, og gjennom tilplanting og skjøtsel av skogen, har ein slik eit potensiale for vesentleg klimagevinst. Per i dag bind skogen om lag halvparten av dei nasjonale klimagassutsleppa. Ved styrking av driftsgrunnlaget på bruka, er det slik mogeleg å auke klimagassopptaket, samstundes som ein legg grunnlag for framtidig arbeidsplassar og verdiskaping knytt til landbruket. I denne samanhengen er det viktig at ein ikkje legg ned forbod, som svekkjer driftsgrunnlaget på bruk som har satsa tungt, og har trong for å kunne nytte arealressursane i nær tilknytning til driftssenteret på ein best mogeleg måte.

Konklusjon:

Eit totalforbud mot dyrking av myr, vert vurdert som unyansert og uheldig, og bør ikkje forskriftsfestast, då det vil kunne få vesentleg effekt med omsyn til tilgjengelege dyrkingsreservar, og fylgjeleg framtidig potensiale for matproduksjon tufta på eignelege arealressursar. Styrking av driftsgrunnlaget for dei aktive bruka er naudsynt, og eit totalforbud mot dyrking av myr, vil i mange tilfelle kunne ha motsatt effekt.

Askvoll, har til liks med mange kommunar, ei stor spennvidde knytt til typar myrareal. Her finn ein potensielle dyrkingsareal som spenner frå områder der den organiske jorda er avgrensa til grunne selder (30-50cm) med mineraljord i undergrunnen, og der seldene ligg imellom større ryggar av avsette lausmassar. Dette er lokalitetar som er lette å dyrke, og som erfaringsmessig gjev jordbruksareal av god kvalitet over tid. Andre områder varierar frå deler med rein mineraljord, med gradvis overgang til grunn, eller i nokre høve overgang til parti med djup myr. Områda kan ilag med rett dyrkingsmetode gje eit godt resultat, men felte må vurderast både med omsyn til kvalitative eigenskapar og djupne av organisk lag, og beskaffenheit til materialet i undergrunnen.

Det er slik trong for eit heilskapelig skjønn, der gode agronomiske vurderingar, og gode hydrotekniske løysingar og miljømessige vurderingar, vert lagt til grunn for å best mogeleg kunne utnytte den dyrkingsreserven som myrjorda vår utgjer. Eit totalforbud mot den store variasjonen som er representert ved myrjorda, vil slik kunne være uheldig, både med omsyn til tilgjengelege dyrkingsreservar og grunnlag for framtidig matproduksjon tufta på arealressursane i våre område.

På bakgrunn av gjevne vurderingar tilrår Askvoll kommune i si høyringsfråsegn, at ein vel å tillate nydyrking av grunn myr. Dersom ein vel å innføre totalt forbod mot dyrking av myr rår ein til at ein opnar for dispensasjonar ved bruk av bestemte nydyrkingsmetodar, og etter ei heilheitsvurdering av myrareala sin lagelegheit som dyrkingsjord.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

